

## Altfor høg utleigepris på Husnes

13.02.2011



Husleigepris på 7.000 er altfor høgt for desse husa, meiner rådet for funksjonshemma. (Foto: Kristian Hus)

**Rådet for funksjonshemma har drøfta utleigeprisen på 7.000 kroner pr. måned eksklusive straum og internett i bufellesskapen for unge utviklingshemma på Husnes.**

**Rådet meiner denne prisen er latfor høg og ber om at det vert gjort ei ny vurdering av satsane. Ein far frå Uskedalen, Jostein Saghaug, har engasjert seg sterkt i denne saka.**

Totalkostnadane på 13,9 millioner er lagt til grunn for utrekninga med tillegg av 190.000 til årleg vedlikehald. Rådet meiner at momsrefusjon og tilskot frå Husbanken bør trekkjast frå bruttokostnaden,

Det er frå Husbanken si side meint at deira tilskot skal gå til reduksjon av husleiga. Då vil ein og få fram kommunen sin nettokostnad. Vedlikehaldskostnadane må, i tilfelle dei skal kunne fosvarast, øyremerkjast vedlikehald og ikkje gå til andre vedlikehaldsprosjekt som kommunen har.

Rådet ser ikkje at det kan vera trong for vedlikehald dei første 5 åra i alle fall og finn det då urimleg at bebuarane skal finansiera anna kommunalt vedlikehald frå første dagen.

At det er kalkulert med at bebuarane vil få 2.300 kroner i bustøtte i månaden vil og vera feil utgangspunkt. Summen i bustøtte vil variera svært frå brukar til brukar og difor kan ein ikkje nytta maksimumssum her.

Rådet viser og til at husleiga for eit 70 kvadratmeter stort husvere i den nye bufellesskapen i Uskedalen er 5.200 kroner.

Av Ola Matti Mathisen